
Fra: Robert Løvik
Sendt: 30.08.2011
Til: Postmottak KRD
Kopi:
Emne: NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet.

Hei

Her følger vedtak av 29. august 2011 frå Fylkesutvalet i Møre og Romsdal:

"U 117-11 NOU 2011: 3 - Høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Samrøystes vedtak i fylkesutvalet - 29.08.2011

1. Fylkesutvalet meiner det er svært positivt at lokalisering av kompetansearbeidsplassar blir sett på dagsorden gjennom denne utgreiinga. Statistikken viser at Møre og Romsdal har relativt sett få statlege og få akademiske arbeidsplassar, og tek i mindre grad enn landsgjennomsnittet del i veksten som har vore i slike arbeidsplassar dei siste åra. For Møre og Romsdal er derfor ein geografisk jamnare fordeling av kompetansearbeidsplassar ei svært aktuell og viktig problemstilling.
2. Fylkesutvalet vil framhalde staten sitt ansvar som landets største enkeltarbeidsgivar for å sikre ein god geografisk fordeling av statlege kompetansearbeidsplassar. Det er nødvendig med ei heilskapelig leiing av den statlege verksemda. Får sektorinteressene bestemme si organisering sjølv, viser erfaringane at det vil innebære ei sentralisering av kompetansearbeidsplassar.
3. Fylkesutvalet vil støtte dei tiltaka som er foreslått, og oppfattar særleg tiltaka som går på å skape robuste arbeidsmarknader gjennom regionsutviding, satsing på regionale sentra, samt spreining av statlege arbeidsplassar, som svært viktige.
4. Fylkesutvalet vil likevel gå i mot at pendlarfrådraget blir fjerna. Det må vidareførast i alle fall i dei grisgrendte strøka, der kollektivtransport er samfunnsøkonomisk lite gjennomførbart.
5. Fylkesutvalet vil understreke utvalets uttale side 119 kap.6.1 om økonomiske og adm.konsekvensar;
" Ut fra den betydning som slik infrastruktur har for å skape vekst i kompetansearbeidsplasser i hele landet, mener *utvalget* at ambisjonsnivået og bevilgingene over statsbudsjettet til investeringer i samferdsel og digital infrastruktur bør økes."|
6. Fylkesutvalet vil stille seg bak mindretalet i utvalet ved Hatling i spørsmålet om landbruksnæringa side 120 og 121. kap.6.2.

Sitat; "Utvalgsmedlem Hatling mener dagens landbruksnæring har avgjørende betydning for bosettingsmønsteret i Norge ...og..... videre,...at norsk landbruk er leverandør av en rekke fellesgoder som matsikkerhet, kunnskap, kultur og miljøgoder og representerer kompetansearbeidsplasser og kompetansemiljø som er spredt over hele landet."...
"Dette medlem ønsker derfor ikke å finansiere tiltak for spredning av kompetansearbeidsplasser i andre sektorer ved å kutte i rammene for landbrukspolitikken"

7. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sine merknader knytt til dei føreslåtte tiltaka slik dette går fram av saksframlegget. Dette med følgende tillegg i eksempla over samferdselsprosjekt med regionale effektar i fylkesrådmannen sitt saksframlegg side 6:

- Rovdefjordbrua
- Storfjordsambandet
- Rassikring FV 60 Røyr-Hellesylt og FV 63 Eidsdal - Geiranger
- Børdalslinja
- Sande fastlandsamband"
-

Vi legg også ved saksframlegget:

Mvh
Robert Løvik
Rådgivar - administrasjonsseksjonen
Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset 6404 Molde
Telefon: (+47) 71 25 87 27/ 993 33 483
robert.lovik@mrfylke.no
www.mrfylke.no <<http://www.mrfylke.no>>



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
06.06.2011	31878/2011	Ingunn Bekken Sjøholm

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	29.08.2011

NOU 2011: 3 - Høyrings svar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Bakgrunn

I januar 2010 oppnemnde Kommunal- og regionaldepartementet eit offentleg utval med følgjande mandat:

“Utvalet skal fremje konkrete forslag til tiltak for å sikre at kompetansearbeidsplassar og nye statlege arbeidspassar vert spreidd i heile landet. Tiltak for å sikre rekruttering til kompetansearbeidsplassar i distrikta skal også vurderast.”

Utvalets sine vurderingar og forslag er presentert i NOU 2011:3 *Kompetansearbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet*. Utgreiinga vart delt ut til fylkesutvalet sine medlemmer på møtet 27. juni. Høyringsbrevet er vedlagt. I samråd med KRD har administrasjonen fått utsett fristen for fylkesutvalet sin uttale til 29. august.

For meir informasjon, sjå: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/regional-og-distriktpolitikk/organisering-roller-og-ansvar/utval-for-kompetansearbeidsplassar-i-hei.html?id=597780>

Hovudpunkt i utgreiinga

Utgangspunktet for utvalet sitt arbeid er den store veksten i sysselsetting innan dei kompetanseintensive næringane dei siste åra, og dei fordelingsverknadene dette gir. Kvart år vert det skapt 10-15 % nye jobbar i norsk økonomi, og nesten like mange jobbar vert lagt ned. Mange av dei nye jobbane krev høgare kompetanse enn dei som vert lagt ned. Dei høgare kompetansekrava knytt seg til nye produkt, nye produksjonsteknologiar og nye produksjonsprosessar og konkurranse frå lågkostnadsland. utfordringa er at nye og kunnskapsintensive jobbar vert etablert andre stader enn der mindre kompetanseintensive arbeidsplassar vert lagt ned.

Globalisering, ulike næringar sitt kostnadsnivå og lønnsevne, auka utdanningsnivå i befolkninga, samt ny kommunikasjonsteknologi gjer det sannsynleg at veksten i kompetansearbeidsplassar i Norge vil halde fram. Samstundes ser ein at denne veksten i stor grad kjem dei store byane til gode. Mindre sentrale arbeidsmarknadsregionar tek ikkje del i utviklinga på same måte.

Utvalet meiner at ein jamnare geografisk fordeling av veksten kan gi samfunnsøkonomisk gevinst gjennom auka ressursutnytting og høgare verdiskaping. Utvalet meiner vidare at det er mogleg å påverke dei sterke

sentraliseringstendensane, og at dette krev ein ekstraordinær innsats av verkemiddel.

Ein føresetnad for å oppretthalde, utvikle og tiltrekke seg nye kompetansearbeidsplassar er i følgje utvalet at arbeidsmarknaden har ein viss kritisk masse. Større fagmiljø og eit større mangfald av arbeidsgivarar er attraktivt både for bedrifter som ønskjer å ekspandere eller etablere ny verksemd og for høgt utdanna arbeidstakarar med behov for karrieremoglegheiter for seg sjølv eller andre familiemedlemer.

Velfungerande regionale sentra kan vere ein avgjerande faktor for at ein regional arbeidsmarknad skal oppnå ein kritisk masse. Utvalet meiner derfor at det er viktig at det blir lagt til rette for regionforstørring og utvikling av robuste arbeidsmarknadsregionar.

Utvalet meiner at ein heilskapeleg og koordinert politikktutforming er nødvendig for å møte utfordringane knytt til kompetansearbeidsplassar. Distrikts- og regionalpolitikken, samferdsels- og kommunikasjonspolitikken, nærings- og innovasjonspolitikken, arbeidsmarknads- og velferdspolitikken, utdannings- og forskingspolitikken, helsepolitikken, samt mangfalds- og integreringspolitikken må trekke i same retning.

Utvalet løftar fram nokre innsatsområde som særleg viktige for å få til balansert regional utvikling:

- Robuste arbeidsmarknader
- Fleire kompetansearbeidsplassar
- Styrka rekruttering til heile landet
- Regional kunnskapsinfrastruktur
- Omstilling av jobbar, menneske og stader

Innanfor kvart område har utvalet foreslått konkrete tiltak, til saman 26 tiltak. Desse er referert nedanfor:

“Robuste arbeidsmarkeder:

- a. Inndeling av virkemiddelssonene etter arbeidsmarkedsregioner for å fremme utviklingen av robuste bo- og arbeidsmarkedsregioner.
- b. Inkludere et etappemål knyttet til regionforstørring og robuste arbeidsmarkeder i Nasjonal transportplan for 2014-2023
- c. Prioritere infrastrukturtiltak som utvider og/eller kobler sammen regionale arbeidsmarkeder.
- d. Utrede flyplasstruktur og flytilbud for å se om dagens struktur og tilbud tilfredsstillar det kompetanseintensive arbeidslivets behov.
- e. Lokalisering av nye statlige arbeidsplasser i regionale sentra som bidrar til å utvikle robuste arbeidsmarkeder.
- f. Tilrettelegge for, og gi insentiver til, lokalisering av ulike funksjoner innen statlige virksomheter utenfor hovedstadsregionen.
- g. Systematisk tilrettelegge for fjernarbeid og stedsuavhengige arbeidsplasser innen offentlig sektor.
- h. Utrede regional forankring som en eksplisitt målsetting i eierskapspolitikken av hovedkontor for heleide offentlige selskaper.”

“Flere kompetansearbeidsplasser:

- i. Prioritere og øke satsingen på utbygging av høyhastighets bredbånd over hele landet.

- j. Effektive og målrettede bedrifts- og næringsrettede virkemidler krever forbedrede evalueringer som muliggjør sammenlikninger
 - o Foreslår innføringen av særskilte retningslinjer og krav til metode, data og analyse knyttet til evalueringer av virkemiddelbruken.
 - o Foreslår helhetlig gjennomgang av virkemiddelapparatet og målretting mot kompetanseintensive arbeidsplasser
- k. Forenkle målstrukturen og styringen av Innovasjon Norge, for å legge til rette for større og målrettede satsinger rettet mot kompetanseintensive arbeidsplasser.
- l. Prioritere virkemidler som kan bidra til å utvikle sterke næringsklynger og kompetansemiljøer.”

”Styrke rekrutteringen:

- m. Prioritering av infrastrukturtiltak som gir tidsbesparelse og bedret tilgjengelighet framfor personrettede virkemidler, herunder fjerning av pendlerfradraget.
- n. Vurdere om ordningen med avskrivning av studielån kan utvides for å styrke tilgangen på høyere utdannet arbeidskraft i utvalgte geografiske områder.
- o. Evaluere de samfunnsøkonomiske gevinstene ved regionale traineeordninger, som grunnlag for en eventuell utvikling og utvidelse av ordningen.
- p. Legge til rette for god norsk opplæring og mer effektiv godkjenning av eksisterende utdanning for innvandrere.
- q. Fremme av kommunale utleieboliger som rekrutteringsvirkemiddel, gjennom å opprette en ordning gjennom Husbanken som avlaster kommunene for risikoen knyttet til bygging slike boliger. Forutsetter at kommunene selv tar initiativ til og legger til rette for en slik satsing.
- r. Oppmuntre til etableringen av internasjonale skoler for å styrke regionale arbeidsmarkeders attraktivitet.
- s. Legge til rette for, og oppmuntre til opprettelsen av næringstilknyttet spesialisert videregående utdanning (TAF-tilbud) i flere regioner enn i dag.”

”Regional kunnskapsinfrastruktur for samarbeid og livslang læring:

- t. Økt samarbeid mellom utdanningsinstitusjoner, arbeidsliv og NAV, for å sikre relevansen og finansieringen av et desentralisert etter- og videreutdanningstilbud.
- u. Studielåns- og stipendordninger for videre- og etterutdanning bør styrkes og gjøres betinget av gjennomføring.
- v. Gi universiteter og høyskoler sterkere insentiver til å samarbeide med lokalt næringsliv om innretning og spesialisering av utdanningstilbudet tilpasset lokalt arbeidslivs behov.
- w. Finansieringssystemet, herunder midler knyttet til satsingen på ”Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon”, må utformes slik at universiteter, høyskoler og instituttsektoren kan spille en sterkere rolle i lokal kunnskapsformidling, innovasjon og omstilling til kunnskapsintensivt næringsliv.

”Omstilling av jobber, mennesker og steder:

- x. Målretting av arbeidsmarkedstiltak mot omstillingsbehovene i de regionale arbeidsmarkedene.
- y. Adgangen til å gi støtte til videre- og etterutdanning bør utvides for å bidra til at arbeidstakere skal komme i nytt produktivt arbeid.

- z. Virkemiddelbruken på tvers av sektorer og forvaltningsnivåer bør koordineres bedre med sikte på tidlig innsats for omstilling til kompetanseintensiv virksomhet.”

Vurdering

Ein viktig rapport

Utvalet har levert ei solid utgreiing som set søkjelys på viktige samanhengar knytt til endring av nærings- og sysselsetningsstrukturen. Utgreiinga vil vere eit viktig innspel i det regionale utviklingsarbeidet.

Utvalet har tatt for seg problemstillingar som går inn i kjernen av fylkeskommunen si verksemd: utviding av regionale arbeidsmarknader, redusering av avstandar gjennom infrastrukturtiltak, samarbeid mellom høgskolesektoren og det regionale arbeidslivet, arbeid med tilflytting og attraktive tettstader/lokalsamfunn, utdanning av ungdom til yrke som trengst i framtida, målretta bruk av IN sine verkemiddel osv¹. Fylkesrådmannen er derfor svært nøgd med at det er utarbeidd ein NOU-rapport som tek opp problemstillingar vi til dagleg arbeidar med, og som sett viktige rammer for framtidig liv og virke i Møre og Romsdal. Mange av dei tiltaka som er lista opp vil komme inn under fylkeskommunale ansvars- og verkemiddelområde. Fleire av dei føreslåtte tiltaka er allereie nedfelt som resultatmål i handlingsplanane knytt til Fylkesplan for Møre og Romsdal 2009-2012.

Møre og Romsdal er ein sterk region med høg verdiskaping og sterke klynger som blir stadig meir kompetansekreivjande. Rekruttering av kompetansearbeidskraft og utvikling av kompetansearbeidsplassar er avgjerande for vidare utvikling i fylket.

Fylkesrådmannen støttar i all hovudsak dei vurderingane og dei føreslåtte tiltaka som kjem fram i utgreiinga. Av dei tiltaka som utvalet legg fram, vil fylkesrådmannen særleg trekke fram dei som går på å sikre robuste arbeidsmarknader med gode kommunikasjonar, styrking av regionale sentra, og tiltak knytt til spreing av statlege arbeidsplassar.

Robuste arbeidsmarknader er ein føresetnad for å skape den kritiske masse som skal til for å generere vekst i kompetansearbeidsplassane. For å nå dette målet er det viktig med gode kommunikasjonar generelt og spesielt viktig å prioritere dei tiltaka som verkar utvidande og samanbindande på bu- og arbeidsmarknadsregionane. Å ta dette inn som etappemål i ny NTP-periode vil vere sentralt.

Det er like eins viktig å styrkje dei regionale sentra som tilbydarar av tenester, handel, opplevingar og gode møtestader med urbane kvalitetar. I dette arbeidet må både statlege og fylkeskommunale verkemidlar nyttast gjensidig forsterkande.

Spreing av statlege arbeidsplassar er òg eit svært sentralt tiltak for å styrke veksten av kompetansearbeidsplassar over heile landet. Effekten vil både vere direkte ved utflytting av statlege kompetansearbeidsplassar, og indirekte ved at tilflyt av desse styrkjer arbeidsmarknaden i regionen. Statlege arbeidsplassar kan vere med på å byggje opp kritisk masse slik at veksten blir berekraftig og sjølvforsterkande på sikt.

¹ Fleire av problemstillingane er omtala i dokumentet "Regionale utviklingstrekk. Grunnlagsdokument til Regional planstrategi 2012-2016" som fylkesutvalet fekk utdelt på junimøtet.

Heilskap framfør sektorinteresser

Fylkesrådmannen støttar utvalet i at det er nødvendig med ein heilskapeleg innsats på fleire politikkområde dersom ein skal kunne påverke lokaliseringa av kompetansearbeidsplassar. Som regional utviklingsaktør er fylkeskommunen vant med å arbeide tverrfagleg og sjå sektorar i samanheng. Ein av fylkeskommunen sine største utfordringar er at vi møter ein lite koordinert statsadministrasjon, der sektorinteressene dominerer.

Den statlege sektorstyringa, der kvar etat har fått velje sin eigen geografiske inndeling, har gjort at fylka ikkje lenger er den naturlege inndelinga av regional statleg verksemd. Dette har sentralisert dei statlege arbeidsplassane til dei større byane, og redusert kompetansmiljøa elles i landet. Fylkesrådmannen meiner regjeringa må sørge for nødvendig heilskapeleg leiing, der konsekvensane for dei regionale arbeidsmarknadane også er ein del av vurderinga i organisasjons- endringsprosessar. Staten har som landets største enkeltarbeidsgivar eit særleg ansvar for å sikre ein god geografisk fordeling av kompetansearbeidsplassar.

Kommentarar til dei føreslåtte tiltaka

a. Inndeling av verkemiddelone etter arbeidsmarknadsregionar for å fremje utviklinga av robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Innanfor dei rammene som er fastlagt av ESA, bør det vere opp til fylkeskommunen som regionalpolitisk styresmakt å forvalte dei regionalpolitiske verkemidlane både med omsyn til bransjeprioritering og geografisk prioritering. Dette ut frå ei erkjenning av at dei regionale utfordringane er ulike, og fylkeskommunen sitt regionalpolitiske utviklingsansvar kfr. ansvarsreforma og forvaltningsreforma.

b. Inkludere eit etappemål knytt til regionforstørring og robuste arbeidsmarknader i Nasjonal transportplan for 2014-2023

Fylkesrådmannen støttar forslaget, og viser til Regional transportplan for Midt-Norge som no ute på høyring, samt vedtak i Vestlandsrådet 14. juni 2011 om å sende Transportplan for Vestlandet - Handlingsprogram 2012 - 2015 ut på høyring.

c. Prioritere infrastrukturtiltak som utvidar og/eller kopljar saman regionale arbeidsmarknader.

Møre og Romsdal fylkeskommune jobbar gjennom Vestlandsrådet med eit mål om ferjefri E39. Dette betyr at Vestlandet på sikt ønskjer å avløyse ferjesamband med bruer og tunnelar. 4 av desse sambanda ligg i Møre og Romsdal. Vestlandet utgjer den landsdelen av Norge med størst eksport, og har eit kompetansekrevgjande næringsliv. Gode kommunikasjonar er særst viktig når vi skal konkurrere om arbeidskrafta med det sentrale austlandsområde. Også i regionsamarbeidet vi har med Trøndelagsfylka, blir det fokusert på gode kommunikasjonar. I den regionale transportplana for Midt-Norge som no er ute på høyring, blir det fokusert på betre ferjetilbod, hurtigbåttilbod, flytilbod, jernbanetilbod og ikkje minst satsing på E39 og E6.

For "ferjefylket" Møre og Romsdal er slike infrastrukturtiltak svært viktige, og har også vore prioritert av fylkestinget. "Temaplan samferdsel – Ferjefri E39 i Møre og Romsdal" skal vere ein del av fylkeskommunen si høyring i samband med Nasjonal transportplan 2014-2023. Temaplanen vart den 29. oktober 2010 sendt ut til kommunar og andre relevante høyringsinstansar. I høyringa kjem det fram at ein

ferjefri E39 i Møre og Romsdal har sterk støtte frå kommunar og andre interesserte (T-sak 18/11). Det blir vektlagt at arbeidet med ferjefri E39 i Møre og Romsdal må bli gitt høg prioritet.

Regional transportplan for Midt-Norge er no ute på høyring. I "Grunnlagsdokument 1. Transportstrømmer og udekket transportbehov" er regionforstørring omtala i kapittel 5. Våre regionar er avgrensa som følgje av fjordar, fjell, manglande infrastruktur eller transporttilbod. Mange stader ligg det potensial for utviding av bu- og arbeidsmarknadsregionar. Framtidige store grep som f.eks. fastlandssamband eller nye vegsamband kan gi store regionale effektar f.eks. i områda:

- Ålesund, Haram, Nordøyene (Nordøyvegen)
- Ålesund, Hareid, Ulsteinvik (Hafast)
- Ålesund, Ørsta og Volda (Fefast)
- Molde, Midsund, Aukra, Vestnes (Møreaksen)
- Sunndalsøra/ Surnadal (Trollheimstunnelen)
- Halsafjordsambandet
- Kristiansund, Aure, Smøla (Talgstjøntunnelen)
- Langfjordstunnelen

Denne type tiltak er svært kostnadskrevjande, og fylkesrådmannen er nøgd med at Kommunal- og regionaldepartementet løftar fram infrastrukturtiltak som utvidar og/eller koplar saman regionale arbeidsmarknader som viktige regionale utviklingstiltak, og vonar at det kan ha positiv effekt for finansiering av slike prosjekt.

Denne type vegprosjekt er også svært tidkrevjande, det kan ta over 20 år frå eit slikt prosjekt er vedtatt til det er ferdig. Fylkesrådmannen vil derfor sterkt oppmode om ei styrking av ferjetilbodet, som gjer det mogleg med hyppigare fergjeavgangar. Dette er tiltak som vil ha rask effekt.

e. Lokalisering av nye statlege arbeidsplassar i regionale sentra for å støtte utviklinga av robuste arbeidsmarknader

Fylkesrådmannen meiner det er svært positivt at lokalisering av kompetansesarbeidsplassar, og særleg statlege kompetansesarbeidsplassar, blir sett på dagsorden gjennom denne utgreiinga.

Statlege arbeidsplassar utgjer 7,4 % av den samla sysselsettinga i Møre og Romsdal². For landet totalt sett er dette talet 10,6 %. Av fylka er det berre Rogaland som har ein lågare del statlege arbeidsplassar enn Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal har 5,2 % av innbyggjarane i landet – men berre 3,6 % av dei statlege arbeidsplassane. Til samanlikning har Sør-Trøndelag 6,0 % av Norges befolkning og 8,1 % av dei statlege arbeidsplassane. Oslo har 12,1 % av befolkninga og 24,0 % av dei statlege arbeidsplassane i landet.

I perioden 2006 – 2009 auka talet statlege arbeidsplassar i Noreg med 14 337, noko som tilsvarar ein prosentvis auke på 5,8 %. I same periode auka talet på statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal med 370 stillingar, noko som tilsvarar ein auke på 4,1 %.

² Fylkesstatistikk 2010 (s. 30-31), Møre og Romsdal fylkeskommune.

I 2009 gjennomførte Møreforskning Volda AS ei undersøking om arbeidskraftsbehovet i Møre og Romsdal³. Eit sentralt funn i undersøkinga var behovet for arbeidskraft med høgare utdanning i Møre og Romsdal, både innan privat og offentleg verksemd. Sjølv om behovet for høgt utdanna arbeidskraft er mest eintydig innan offentleg sektor, er det viktig å merke seg at det også er eit klart behov for å rekruttere arbeidskraft med høgare utdanning til privat sektor i Møre og Romsdal. Av dei bransjane arbeidskraftundersøkinga i Møre og Romsdal såg på, gjeld dette alle med unntak av hotell- og restaurantnæringa. Fylket har eit næringsliv som tradisjonelt har rekruttert få frå dei gruppene som har høgast formell kompetanse. Sjølv om Møre og Romsdal har innslag av industri med eit høgt teknologisk nivå, er likevel ikkje utdanningsnivået spesielt høgt. Møre og Romsdal er det fylket der tettheita av akademikarar er minst i heile landet. Medan 12,9 pst. av befolkninga i landet arbeide i akademiske yrke i 2008, var det tilsvarande talet i Møre og Romsdal 8,2 pst. I tillegg har Møre og Romsdal færre i såkalla høgskuleyrke enn landsgjennomsnittet.

Statistikken viser at Møre og Romsdal har få statlege og akademiske arbeidsplassar og tek i mindre grad enn landsgjennomsnittet del i den veksten som har vore i slike arbeidsplassar dei siste åra. For Møre og Romsdal er derfor ein geografisk jamnare fordeling av kompetansesarbeidsplassar ei svært aktuell og viktig problemstilling.

Statlege kompetansesarbeidsplassar er svært viktige for å få til ein robust arbeidsmarknad, og også for å gjere ein stad attraktiv for etablering av kompetansesarbeidsplassar i privat sektor. I eksportfylket Møre og Romsdal ser vi at industrien sysselsetter stadig fleire folk med høgare utdanning, gjerne innan tekniske og økonomiske fag. Skal desse bedriftene klare å rekruttere kvalifiserte medarbeidarar, må det også vere relevant jobb å få for ektefelle/sambuar – som ofte også har høgare utdanning. Arbeidsplassane i industrien er samstundes konjunkturutsatt, og offentlege kompetansesarbeidsplassar er eit viktige supplement til desse for å gi breidde og stabilitet i arbeidsmarknadene.

Offentlege arbeidsplassar er også viktige for å skape ein betre kjønnsbalanse på arbeidsmarknaden. Med ein stor maritim og marin sektor og ein sterk industri har Møre og Romsdal eit næringsliv med sterkt maskulint preg. Mange av dei statlege arbeidsplassane er attraktive for kvinner.

Kompetansesarbeidsplassar er likevel ikkje berre viktig for arbeidslivet i Møre og Romsdal, men også for enkeltpersonar som bur og veks opp her. Våre ungdommar som vel høgare utdanning må ha moglegheit til å busette seg i fylket, og ikkje bli tvungne til å velje mellom Oslo, Bergen og Trondheim – eller utlandet.

f. Leggje til rette for, og gi insentiv til, lokalisering av ulike funksjonar innan statlege verksemdar utanfor hovudstadsregionen.

Sentraliseringa til Austlandet er bekymringsfull, det har likevel liten verknad for Møre og Romsdal om det blir etablert fleire statlege arbeidsplassar i Bergen eller Trondheim. "Meir balansert geografisk fordeling" må handle om meir enn å flytte statlege arbeidsplassar frå Oslo til dei fem største byane. Desse vil i kraft av sin storleik likevel trekke til seg kompetansesarbeidsplassar. Det er meir effektiv bruk av verkmidla å rette desse inn mot dei mindre og mellomstore byane. Målet må vere å bidra til at mindre regionsentra får sjølvvekstkraft.

³ Båtevik og Tangen 2010: "Arbeidskraftbehov i Møre og Romsdal." Rapport 4/2010 Møreforskning Volda.

Fylkesrådmannen er samd med utvalet i at lokalisering av kompetansearbeidsplassar krev ein viss kritisk masse. På same måte som for kompetansearbeidsplassar i industrien, er offentleg sektor tent med å vere plassert i ei "klynge", dvs at det finnst eit visst utval av offentlege - eller private - arbeidsplassar med tilgrensande oppgåver og kompetansebehov lokalisert i nærleiken. Dette gir mulegheit for karriereutvikling og kunnskapsdeling, som igjen gjer det enklare å rekruttere og behalde nøkkelpersonell. Fylkesrådmannen vil likevel framhalde at føresetnadene for slike "klynger" finnst mange plassar i Noreg, ikkje berre i dei fem største byane i Noreg. Møre og Romsdal har fleire stader med sterke kunnskapsmiljø som kan byggjast vidare ut: Ålesund, Molde, Ørsta-Volda, Tingvoll, Kristiansund, Ulsteinvik, Herøy, Sunndalsøra m.fl.

Det er her relevant å vise til NIBR-rapport 2011:12 *Regional innovasjon og næringsutvikling* som konkluderer med at småbyområda er mest innovative. Sjølv om innovasjonsnivå og vekstratar ofte aukar med aukande sentralitet, er mange av dei mest innovative regionale næringsmiljøa å finne i småbyområde. NIBR viser til Halden, Kongsberg, Ulsteinvik, Ørsta-Volda, Alta og Osloregionen som dei mest innovative regionane. Desse skil seg ut med at dei har eit meir FoU-intensivt næringsliv, sterkare industrispesialisering, meir innovasjonssamarbeid og høgare innovasjons- og vekstratar.

Ved lokalisering av ny statleg verksemd er det ofte eit argument at kompetansen er lettast å få tak i på Austlandsområdet. Dette m.a. i Difi rapport 2010:3: "Valgets kval? Utredning for etablering av en sentral valgenehet". Departementa må våge å satse på kompetansmiljø rundt om i landet, men både forvaltningsreforma og den sjølvstendige sektorstyringa viser at sektorane ikkje prioriterer dette med mindre nye insentivordningar kjem på plass.

Fylkesrådmannen er derfor nøgd med at utvalet foreslår at det blir utgreia kva påskjønningordningar som kan vere effektive for å få sentrale etatar til å velje å flytte ut delar av si verksemd eller legge til rette for ulike former for fjernarbeid.

g. Systematisk legge til rette for fjernarbeid og stadsuavhengige arbeidsplassar innan offentleg sektor.

Moglegheit for fjernarbeid er svært viktig for ungdom som ønskjer seg heim når dei nærmar seg etableringsfasen. UNG-undersøkinga som Møreforskning Volda gjennomførte for fylkeskommunen i 2007 og 2009 viste at sjølv om langt dei fleste ungdomane planlegg å flytte ut av Møre og Romsdal etter vidaregåande utdanning, så ser likevel fleirtalet for seg at dei vil bu i fylket om 10-15 år⁴. Relevant jobb er i følgje ungdomane ein avgjererande faktor for at dette let seg realisere. Fylkesrådmannen er svært positiv til det føreslåtte tiltaket.

i. Prioritere og auke satsinga på utbygging av høghastigheits breiband over heile landet.

Fylkesrådmannen meiner dagens ordning med tilskotsordninga for utbygging av breiband bør utvidast for å sikre auka etablering og vidareutvikling av kompetansearbeidsplassar i Møre og Romsdal. Godt utbygd breiband vil stimulere til auka satsing på kompetansearbeidsplassar og auka attraktivitet for tilflytting.

⁴ Båtevik og Tangen: UNG I MØRE OG ROMSDAL. Resultat frå to undersøkingar blant ungdomar i vidaregåande opplæring. Møreforskning, Notat 1/2010.

k. Forenkle målstrukturen og styringa av Innovasjon Norge, for å leggje til rette for større og målretta satsingar retta mot kompetanseintensive arbeidsplassar.

Fylkesrådmannen støttar utvalets vurderingar av Innovasjon Norge (IN), og vil poengtere det ansvaret som fylkeskommunen har som premissleverandør for verksemda til IN i fylket.

l. Prioritere verkemidlar som kan bidra til å utvikle sterke næringsklynger og kompetansmiljø.

Dette er eit tiltak som vil støtte opp under eksisterande politikk i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylkeskommune har vedtatt eit resultatmål i fylkesplanen om å betre konkurransevilkåra til industrien ved å byggje opp gode kunnskapsmiljø rundt industriklyngene. Denne satsinga er definert gjennom ulike innsatsområde kor dei ansvarlige i tillegg til fylkeskommunen er næringa, høgskulane, forskning, Innovasjon Norge, ofl.

m. Prioritering av infrastrukturtiltak som gir tidssparing og betre tilgjenge framfor personretta verkemidlar, som fjerning av pendlarfrådraget.

Arbeidspendling mellom kommunane i Møre og Romsdal er stor. I 2009 hadde 30 kommunar av fylkets 36 kommunar ei netto utpendling. 10 av kommunane hadde ei utpendling på over 40 % av busette (i yrkesaktiv alder), kor 3 av desse hadde ei utpendling på over 50 %. 7 kommunar har ei innpendling på over 30 % av sysselsette. Ei endring i pendlarfrådraget vil få store konsekvensar for arbeidspendinga i fylket. Fylkesrådmannen fryktar at dette vil føre til ei sterkare sentralisering, distrikta slit med rekruttering og dette vil ramme spesielt unge nyutdanna folk i etableringsfasen. Infrastrukturtiltak er viktige, men dei er både tid- og kapitalkrevjande, og vil ikkje kunne erstatte personretta virkemiddel på kort sikt.

n. Vurdere om ordninga med avskrivning av studielån kan utvidast for å styrke tilgangen på høgare utdanna arbeidskraft i utvalte geografiske område.

Fylkesrådmannen meiner forslaget om utviding av ordninga med avskrivning av studielån vil vere eit effektivt tiltak for å stoppe den negative utviklinga for små kommunar i distrikta. Det er ein samanheng med negativ endringar i folketal i ein kommune og kommunar i sone III og IV i distriktpolitisk virkemiddelområde. Ei utviding av ordninga til å gjelde sone III og IV vil ha ein svært positiv effekt når det gjeld rekruttering av yngre personar med høg utdanning.

o. Evaluere dei samfunnsøkonomiske gevinstane ved regionale traineeordningar, som grunnlag for ein eventuell utvikling og utviding av ordninga.

Møre og Romsdal fylkeskommune tek del i to ulike traineeordningar, KOM-trainee og TIM (Trainee Ingeniør Molderegionen). Fylkeskommunen har deltatt i KOM trainee sidan starten i 2006. I eit nettverk av 20 verksemder, både private og offentlege, tek nettverket kvart år imot om lag sju nye trainee-kandidatar til vår region. Etter fem år, har vi god erfaring med vårt engasjement i KOMtrainee. Vår erfaring er at det er viktig at fylkeskommunen er med i trainee-ordningar. Vi har attraktive arbeidsoppgåver for høgt utdanna. Ni unge høgt utdanna kandidatar har hatt sine trainee-løp i fylkeskommunen. Regional- og næringsavdelinga har hatt stort engasjement, og har saman med kulturavdelinga og Kristiansund vidaregåande skule, tatt imot alle kandidatane.

Vi ser at trainee-ordningane er eit tiltak som får høgt utdanna ungdom frå andre delar av landet til å komme til Møre og Romsdal. Fylkesrådmannen støttar derfor alle tiltak som kan byggje opp under utvikling av trainee-ordningane, og vil her ta fram betydningen av at det blir lagt til rette for eit sosialt nettverk på fritida for dei som får trainee-stillingane. Det har vore ein av suksessfaktorane for KOM trainee-ordninga.

p. Leggje til rette for god norskopplæring og meir effektiv godkjenning av eksisterande utdanning for innvandrarakar.

Gode norskkunnskapar er ein føresetnad for integrering og tilgang til arbeidsmarknaden for innvandrarakar. Kommunane har ansvaret for norskopplæringa og introduksjonsprogrammet for innvandrarakar. Fylkeskommunen har ansvar for særskilt språkopplæring for minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen (§3-12 i opplæringslova). Det er ikkje høve til å knytte krav om norskkunnskapar til søknad om inntak i vidaregåande opplæring, men norskkunnskapar er ein viktig føresetnad for meistring og fullføring av opplæringa.

Systemet for godkjenning av utanlandsk utdanning er komplisert, og vanskeleg å finne fram i. NOKUT har eit ansvar for generell godkjenning i høve til studiekompetanse og høgare utdanning. Ulike sertifiserings- og autorisasjonskontor handsamar og søknader om godkjenning (helsesektoren, maritim utdanning m fl). Høgskolane og fagskolane har høve til å ta inn søkarar på grunnlag av realkompetansevurdering, ei ordning som truleg kunne vore meir utnytta fleire stader. Fylkeskommunane skal ha eit system for godkjenning av realkompetanse på vidaregåande nivå, der yrkesprøving er ein metode som spesielt er retta inn mot vurdering av kompetansen til innvandrarakar som manglar dokumentasjon. Systemet for godkjenning av utanlandsk utdanning er fragmentert og uoversiktleg og bør forenklast/tydeleggjerast, spesielt med tanke på å få fortgang i godkjenningsprosessen for å få dei som kjem hit til landet raskt i arbeid. Samstundes må krav til kvalitetssikring av godkjenningar oppretthaldast.

Karrieresenter kan etablerast som ei dør inn i høve til innvandrarakar og andre med behov for rettleiing i høve til utdanning og yrke, kompetansevurdering og – godkjenning, og i høve til kartlegging/bestilling av opplæring⁵.

q. Fremje kommunale utleiebustadar som rekrutteringsverkemiddel, gjennom å opprette ei ordning gjennom Husbanken som vil avlaste kommunane for risikoen knytt til bygging slike bustadar. Føresettt at kommunane sjølv tek initiativ til og legg til rette for ei slik satsing.

Fylkesrådmannen støttar utvalets forslag om å fremme kommunale utleiebustader. Dette vil gjere det lettare å takke ja til eit jobbtillbod i ein distriktskommune.

r. Oppmuntre til etablering av internasjonale skolar for å styrke regionale arbeidsmarknader sin attraktivitet.

Dette er eit tiltak som er sterkt ønskt av næringslivet i fylket, og kom tydeleg til uttrykk i Foresight-analysen som vart gjennomført på Sunnmøre i 2010. Næringslivet ser dette tilbodet som sær viktig for å kunne trekke til seg den beste kompetansen i framtida. Ofte kjem fagpersonar/spesialistar, både norske og

⁵ Jfr resultatmål 7 og 8 i satsingsområdet Kompetanse i fylkesplanen 2009-12.

utanlandske, frå ein stad der borna har gått på ein internasjonal skole. Skal dei velje Møre og Romsdal som arbeidsstad og bli verande her over tid, ønskjer dei å ha med seg familiane sine. Dersom det ikkje finst tilbod om internasjonal skole, blir ikkje staden oppfatta som aktuell arbeidsstad.

Møre og Romsdal fylkeskommune har derfor gitt støtte til planlegging av Aalesund International School. Seinast i juni 2011 løyvde nærings- og miljøutvalet 500.000 kr til planlegging og førebuing av skolestart hausten 2012. Det er lokalt næringsliv som har stått for resten av finansieringa.

Internasjonale skolar kan vere eit godt tilbod i bysentra nær arbeidsplassar som rekrutterer utanlandsk arbeidskraft. Drift av slike skoletilbod er avhengig av ein stabil tilgang på søkarar og finansiering.

Fylkesrådmannen er einig i at ein internasjonal skole kan gjere den regionale arbeidsmarknaden meir attraktiv, men saknar i utgreiinga ei definering av kva rolle staten skal ha i dette arbeidet, t.d. kva støtte slike initiativ kan rekne med å få.

s. Leggje til rette for, og oppmuntre til oppretting av spesialisert vidaregåande utdanning knytt til næringane (TAF-tilbod) i fleire regionar enn i dag.

Møre og Romsdal har i fleire år arbeidd for å få til eit tettare samarbeid mellom dei vidaregåande skolane og lokalt arbeidsliv. Eit av tiltaka som har vist seg å vere vellukka, er ordninga med Tekniske og Allmenne Fag, TAF. Ordninga har gjeve gode resultat i form av høgt kvalifisert arbeidskraft som arbeidslivet i regionen etterspør.

Vi har hatt/har tilbod både innan utdanningsprogram for Teknisk og industriell produksjon, og innan Bygg og anlegg og kjemi- og prosessfag. Her oppnår elevane både yrkeskompetanse og spesiell studiekompetanse i løpet av fire år i opplæring. Tilboda har god søking og god gjennomføring. Næringslivet er svært positive til ordninga.

TAF-ordninga føresett at skolane har eit stort nettverk av lærebedrifter i eige lokalsamfunn og passer slik sett på større industriplassar. Fire vidaregåande skolar i Møre og Romsdal tilbyr TAF-ordninga. Erfaringane frå Haram vgs. peiker i retning av at fleire TAF-elevar enn realfagelevar elles vel å ta ingeniøruddanning, og at ein stor del av desse deretter kommer tilbake til bedrifta kor dei var lærlingar.

Fylkesrådmannen er likevel uroa for framtida til TAF-ordninga i Møre og Romsdal, og viser til uttale frå fylkesutvalet til Kunnskapsdepartementet vedtatt 27. juni i år. For å kunne gjennomføre ei TAF-utdanning som normalt tek 5,5 år, har ein vore avhengig av å ha dispensasjon frå krava til vitnemål i forskrift for Opplæringslova. Kunnskapsdepartementet har varsla at elevar/lærlingar som startar opplæringsløpet frå og med 2012 ikkje vil bli gitt denne dispensasjonen. Ei organisering etter dei retningslinjene som Kunnskapsdepartementet legg til grunn i høringsbrev av 25.05.2011, vil kunne føre til at færre bedrifter ser seg i stand til å ta inn lærlingar til TAF-ordninga, og at tilbodet på sikt blir forringa og i verste fall fell bort. Fylkesrådmannen oppmodar derfor Kommunal- og regionaldepartementet om å ta saka opp med Kunnskapsdepartementet.

t. Auka samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, arbeidsliv og NAV, for å sikre relevansen og finansieringa av eit desentralisert etter- og vidareutdanningstilbod.

Det er for lite samhandling mellom NAV og utdanningsinstitusjonar på alle nivå – her er eit potensiale i høve til å få til gode ordningar (jfr også punkt p). Vi må lette tilgjenge til ulike tenester i dette for arbeidssøklarar med og utan utdanning som treng rask godkjenning av utanlandsk utdanning, realkompetansevurdering og opplæring i høve til å komme raskt i arbeid eller utdanning. Siktemålet må vere å sikre den enkelte kompetanse som kan gi varig sysselsetting. Desentraliserte tilbod i eit samarbeid mellom aktørane for å sikre yrkesrelevansen i høgare utdanning er viktig i dette.

Det er også svært aktuelt å utvikle fagskoletilbod i høve til ulike nye behov i næringsliv og kommunar regionalt. I ein strategi for å auke kapasiteten på utdanningstilbod fram mot 2030 for å møte auken i behovet for personell med kortare høg utdanning, kan ei styrking av fagskolane vere ein veg å gå når det handlar om kortare tertiær utdanning. Fagskoletilbod i helse- og sosialfag blir no til dømes gitt over heile landet, ofte som nettstøtta deltidstilbod som gir høve til å kombinere jobb og studiar. Gode og føreseielege finansieringsordningar er ein nøkkel til suksess i dette arbeidet.

I sitt høyringssvar på Stjernø-utvalet si innstilling (NOU 2008:3: Sett under ett) tok fylkesutvalet i Møre og Romsdal opp at det må til ei langt meir planlagt tilrettelegging for livslang læring og vidareutdanning, samt metodar for distribusjon av slik utdanning til heile regionen (U-sak 41/08).

For den enkelte arbeidstakar kan det vere avgjerande at etter- og vidareutdanningstilbodet er tilgjengeleg i rimeleg reiseavstand frå heimen. Eit desentralisert, relevant og kvalitativt godt etter- og vidareutdanningstilbod er svært viktig for å fylle det regionale arbeidslivet sitt kompetansebehov – som stadig er i endring. Både for arbeidslivet og for utdanningsinstitusjonane er det viktig at det blir etablert gode system for formidling av behov og eksisterande tilbod.

Arbeidslivet forventar at utdanningsinstitusjonane kan tilpasse sitt tilbod til skiftande behov. Fylkesrådmannen har oppfatta at den statlege styringa av høgskolane kan vere til hinder for deira fleksibilitet m.o.t. studietilbod.

Fylkesrådmannen er samd med utvalet i at auka samarbeid om etter- og vidareutdanning er viktig for å få til betre koordinering, betre ressursbruk, auka profesjonalisering og målgruppetilpassing av dette tilbodet. Skal ein få til eit slikt samarbeid, må finansieringssystemet for høgskolane premiere samarbeid mellom høgskolane og samarbeid med dei regionale aktørane.

u. Studielåns- og stipendordningar for etter- og vidareutdanning bør styrkast og bli gjort avhengig av gjennomføring.

Fylkesrådmannen støttar tiltaket, og er av den oppfatning at krav om gjennomføring må bli gjort gjeldande for alle nivå i utdanningssektoren.

v. Gi universitet og høgskolar sterkare insentiv til å samarbeide med lokalt næringsliv om innretning og spesialisering av utdanningstilbodet tilpassa det lokale arbeidslivet sitt behov.

Det innovative næringslivet er viktig for Norge. Dei regionale høgskole- og forskingsmiljøa er viktige for næringslivet. Kfr. t.d. det tydelege signalet det

maritime næringslivet i Møre og Romsdal gir om at dette er viktig gjennom å finansiere fem professorat ved Høgskolen i Ålesund.

Det er nokre trekk i den nasjonale forskingspolitikken som uroar oss sterkt i forhold til å styrke målet om praksisnær innovasjonsretta forskning; Ser vi på fordelinga av Norges Forskningsråd (NFR) sitt budsjett er dei bedriftsretta forskingsmidlane relativt geografisk fordelte fordi dei innovative bedriftene er geografisk fordelt, men dei store kapasitetsbyggjande midlane til instituttsektoren og universitets- og høgskolesektoren er ekstremt sentraliserte. Dei prosessane som nå går i NFR legg opp til at denne sentraliseringa blir ytterlegare forsterka gjennom at meir nasjonale forskingsmidlar blir lagt inn i internasjonale konkurransearenaer (som ERA, JPI, RP8), og meir nasjonale midlar blir prioritert til å bygge forskingssatsingar som blir lokalisert til universitetsmiljøa (SFF, SFI, FME). Samtidig blir det sagt at dei regionale forskingsmiljøa må satse på samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Men når ein konsentrerer kapasitetsoppbygginga til univeristetsmiljøa så blir det ein veldig ulik konkurranse og eit aukande kapasitetsunderskot i dei regionale institutta og høgskolane til å ta den rollen som næringslivet etterspør.

Derfor: Skal ein kunne utløyse innovasjonspotensialet, både i næringslivet og offentleg sektor, må ein satse meir på å bygge kapasitet i dei miljøa der samspelet mellom forskning og praksis skjer.

For å styrke den regionale innovasjonen og konkurranseevna, vil det vere avgjerande å kople næringsliv og FoU-miljø tettare saman⁶. Det vil også vere viktig å støtte opp om og oppfordre til tettare samarbeid mellom høgskolane. Fylkesrådmannen meiner det er viktig at staten gir høgskolane insentiv til å gå saman i større og meir robuste einingar som betre kan dekke det regionale arbeidslivets behov.

Fylkesrådmannen vil under dette punktet også seie noko om fagskoleutdanninga. Fagskolane tilbyr yrkesretta utdanning på tertiært nivå, og høyrer difor heime i denne diskusjonen. Alle nye tilbod i fagskoleutdanninga i Møre og Romsdal fylkeskommune skal settast i verk ut frå ei behovskartlegging i næringsliv og kommunar og utformast i nært samarbeid med etterspørjarar av den aktuelle kompetansen.

Ungt Entreprenørskap her i fylket har ei satsing inn mot høgskolane, mellom anna med fylkesmesse for studentbedrifter og gründercamp. Lokale aktørar frå kommunar og næringsliv spelar ei viktig rolle som mentorar og dommarar ved gjennomføring av slike tiltak, og bidrar til nettverksdanning på tvers av institusjonar og bedrifter. Dette kan igjen styrke dialogen og prosessar mellom aktørar på tvers for å utvikle høgskolestudia meir i samsvar med behov i arbeidslivet. Fastsetting av studiemål i høve til kompetanse i entreprenørskap som del av studieplanane i fleire studium bør stå på dagsorden i slike prosessar.

w. Finansieringssystemet, herunder midlar knytt til satsinga på «Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon», må utformast slik at universitet, høgskolar og instituttsektoren kan spele ei sterkare rolle i lokal kunnskapsformidling, innovasjon og omstilling til kunnskapsintensivt næringsliv.

Kunnskapsbasert innovasjon krev god samhandling mellom utdanningsinstitusjonane på alle nivå, forskning og lokalt næringsliv/kommunane. Godt døme

⁶ Meir om dette i RISS 2011, A. Almestads artikkel "Et tettere samarbeid om forskning og utvikling i Møre og Romsdal. En dyd av nødvendighet!"

her i fylket er oppbygginga av Norsk Maritimt Senter i Ålesund – nær Høgskolen i Ålesund og Fagskolen i Ålesund, der mellom anne Rolls Royce går sterkt inn med ressursar for å bidra til samhandlingsstrukturar for å sikre utvikling og styrking av den maritime klynga i regionen. Finansieringssystemet bør støtte slike prosessar.

z. Verkemiddelbruken på tvers av sektorar og forvaltningsnivå bør koordinerast betre med sikte på tidlig innsats for omstilling til kompetanseintensiv verksemd.

Det er eit stort behov for samordning av verkemiddelbruken for å oppnå kompetanseheving og omstilling av arbeidsstyrken. Det gjeld både samordning i høve til rettleiingstenester og bruk av midlar til yrkesretta kompetanseheving. Fleire verkemiddel her kan truleg samlast i regionale karrieresenter som blir etablert i fleire fylke i eit samarbeid mellom fylkeskommunen, nav, kommunane, partane i arbeidslivet, høgskolane, m fl.⁷

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet meiner det er svært positivt at lokalisering av kompetansearbeidsplassar blir sett på dagsorden gjennom denne utgreiinga. Statistikken viser at Møre og Romsdal har relativt sett få statlege og få akademiske arbeidsplassar, og tek i mindre grad enn landsgjennomsnittet del i veksten som har vore i slike arbeidsplassar dei siste åra. For Møre og Romsdal er derfor ein geografisk jamnare fordeling av kompetansearbeidsplassar ei svært aktuell og viktig problemstilling.
2. Fylkesutvalet vil framhalde staten sitt ansvar som landets største enkeltarbeidsgivar for å sikre ein god geografisk fordeling av statlege kompetansearbeidsplassar. Det er nødvendig med ei heilskapelig leiing av den statlege verksemda. Får sektorinteressene bestemme si organisering sjølve, viser erfaringane at det vil innebere ei sentralisering av kompetansearbeidsplassar.
3. Fylkesutvalet vil støtte dei tiltaka som er foreslått, og oppfattar særleg tiltaka som går på å skape robuste arbeidsmarknader gjennom regionsutviding, satsing på regionale sentra, samt spreing av statlege arbeidsplassar, som svært viktige.
4. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sine merknader knytt til dei føreslåtte tiltaka slik dette går fram av saksframlegget.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Vedlegg

- 1 Høring av NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i hele landet

⁷ Jfr Resultatmål 11 under satsingsområdet Kompetanse i Fylkesplan for Møre og Romsdal 2009-2012.